

BACHELOROPPGÅVE

Kan media si framstilling av barnevernsaker svekke legitimiteten til barnevernet?

Ein fenomenologisk analyse av media si dekning av ei barnevernsak

av

Kandidatnr: 117
Therese Myklebust Karlsen

Bachelor i barnevern
BSV5-300
Mai 2013

Innholdsfortegnelse

1.0 Innleiing.....	2
1.2 Problemstilling og relevans	2
2.0 Metode.....	3
3.0 Omgrepsavgrensing.....	6
4.0 Teoretisk ramme.....	7
4.1 Kvifor er barnevernet avhengig av legitimitet i samfunnet?	7
4.2 Korleis blir barnevernet framstilt?	8
4.3 Kva påverkingskraft har media i samfunnet?	9
5.0 Analyse.....	11
5.1 Heilskapsintrykk og samanfatning av meiningsinnhald	11
5.2 Kodar, kategoriar og omgrep	13
5.3 Kondensering	14
5.4 Samanfatning og tolking av funn.....	16
6.0 Drøfting	17
6.1 Media si framstilling av barnevernet	18
6.2 Barnevernet og legitimitet	19
7.0 Avslutning	21
Litteraturliste	23
Vedlegg 1.....	25

1.0 Innleiing

Barnevernet er eit organ som er mykje omtala og som mange i samfunnet har ei meining om. I dei yrka som barnevernet omhandlar har ein mykje makt og ansvar, og ein er avhengig av at dei som arbeidar her har gode forutsetningar for å utøve skjønn. Barnevernet er danna for å beskytte born, hjelpe dei borna som ikkje har det godt nok, og vere med på å skape trygge, stabile rammer for dei som ikkje har det frå før. Det er barnet som skal stå i sentrum når det kjem til barnevernet sitt arbeid. Dette er eit viktig prinsipp innan arbeid med barnevern, men det er ikkje alltid saksbehandlinga går slik som det burde.

Til tross for viktigheita av korleis ein behandlar saker i barnevernet, er det dessverre mange tilfeller der sakene endar på tragisk vis. Det er media, eller journalistane, sin oppfatning og vinkling som kjem fram i sakene dei tek opp i artiklar, og ein kan då undre seg om ein får eit nyansert bilete av barnevernsakene. Som barnevernstudent synast eg at det er spennande å undersøkje korleis media vinklar desse sakene.

Media si rolle i samfunnet er ofte beskriven som ei fjerde statsmakt, og ofte blir media brukt som ei «vaktbikkje» som skal sette søkelyset på urett dei meiar finn stad. Derfor er det kanskje viktig for media å skrive om dei sakene der dei meiner at barnevernet har svikta. I avisene kan ein ofte lese om det håplause barnevernet som svikta barnet eller ungdomen, men når barnevernet har teieplikt kan ein spørje seg om dette er det faktisk tilfellet i alle sakene. Media si oppfatning og vinkling av dette er derfor det lesarane sit igjen med.

Som barnevernstudent har eg møtt menneskjer som har stilt kritiske spørsmål, og spørsmål som eg nokre gongar har følt som eit angrep mot den profesjonen som eg skal inn i. Dette kan sjølvstundt ha noko å gjere med egne erfaringar, men eg blir likevel nysgjerrig på kva media si rolle i denne samanhengen er. På grunn av mi utdanning har eg ei haldning som er positiv til barnevernet og det arbeidet dei gjer. Eg har eit inntrykk av at media sine vinklingar av barnevernsaker ofte er negativ og baserar seg på lite informasjon om barnevernet og grunnlag for avgjersler.

1.2 Problemstilling og relevans

Som beskriven ovanfor, vil eg sjå nærare på media si framstilling og påverking rundt barnevernsaker. Problemstillinga som eg har valt er derfor: «Kan ein sjå forskjell på to aviser si dekning av same barnevernsak?» Og som ei under-problemstilling har eg valt å ha: «Kan

media sin måte å framstille barnevernet på svekke legitimiteten som barnevernet treng i samfunnet?».

Eg vil sjå på ei kjend sak som omhandlar ein ungdom som har hatt tilknytning til barnevernet og som er omtala i media, og sjå på korleis to forskjellige aviser framstiller barnevernet og deira arbeid i denne saken. Saken om rømminga og dødsfallet til Ragnhild Embla Helsingreen er ei sak som har vore mykje omtala både i avisoppslag og anna presse. Grunnen til at eg valte akkurat denne saka er på grunn av at denne hendinga er noko som fanga interessa til både meg og fleire bekjendte. Det har også fanga interessa mi på grunn av at hendinga fann stad i Bergen som er ein by som ikkje ligg langt frå Sogndal, og eg har ei oppfatning av at barnevernet har vore mykje i søkelyset i denne saken. Ragnhild var plassert på tre forskjellige barnevernsinstitusjonar og ein ungdomsheim i løpet av dei siste åra av sitt liv. Den siste institusjonen ho var plassert på var ein barnevernsinstitusjon i Bergen sentrum, og 29. juli 2010 nektar ho å bli med miljøterapeut tilbake til institusjonen og vil heller ta buss aleine (Henschien, 2012, 178). Dagen etter blir Ragnhild meldt sakna. 31. juli 2010 blei ho funne død i ei leilegheit i Bergen, og dødsårsaken blei sett på som overdose (Henschien, 2012, 178).

Mi problemstilling tar for seg media si framstilling av ei sak, i form av to artiklar frå forskjellige aviser. Eg tar også for meg viktigheita av legitimitet til barnevernet, og korleis media si framstilling av barnevernet kan påverke denne legitimiteten. Eg valte denne problemstillinga på grunn av at eg meiner at media og påverknaden som media har i forhold til barnevernet er veldig viktig å vere klar over når ein skal inn i denne profesjonen. Som profesjonsutøvarar kan barnevernspedagogane arbeide på institusjonar for barn og ungdom, i barnevernet og forsterheimstenesta, for å nemne nokon. Her møter ein alltid nye og forskjellige menneskjer, som alle har eit intrykk og ei formeining om kva ein gjer som profesjonsutøvar. Eg meiner at det er viktig å vere bevisst på kva meiningar og haldningar ein kan møte i arbeidet, og vere klar over den påverkingskrafta som media har i forhold til lesarar og sjåarar. Som eg skal ta for meg seinare er det svært viktig for barnevernet å ha legitimitet for å kunne utføre arbeidet sitt på ein god måte, og dette er noko av grunnen til at eg valte mitt tema og problemstilling.

2.0 Metode

Metode beskriv den framgangsmåten eg skal bruke for å finne, systematisere og tolke eller

analysere informasjon. Metodane ein brukar kan vere kvantitative eller kvalitative. Den kvalitative metoden baserar seg på data som for eksempel tekst, lyd og bilete, og korleis ein fortolkar dette datamaterialet (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010, s. 99). Eit eksempel kan vere eit kvalitativt intervju, der ein får detaljert og nyansert informasjon, og ein har mogelegheit til å få fram kompleksitet i sosiale fenomen (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010, s. 137). I mi oppgåve har eg vurdert fleire typar metode, mellom anna intervju. Kvalitative intervju av fleire personar om deira meining om barnevernstenesta og kva dei meiner om media si påverking, kunne vore ein god metode til å få inn fyldig og detaljert informasjon på (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010, s. 135).

Ein kvantitativ metode består mykje av tal og statistikk, og sjølv om ein kan analysere ved bruk av statistiske teknikkar kan ein også har bruke kreativitet i forhold til korleis data skal tolkast (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010, s. 237). Eit eksempel på ein kvantitativ metode er for eksempel bruk av spørjeskjema, då ein kan samle inn mykje data frå mange individ innan eit lite tidsrom (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010, s. 259). Ved bruk av ein kvantitativ metode er det større muligheit for å kunne generalisere resultatane ved bruk av denne metoden.

I oppgåva har eg valt å nytte ein fenomenologisk analyse av to avisartiklar, og dette er ein type kvalitativ metode. Analysa gjer at eg tar for meg nøyaktig kva som står i artiklane og kva verkemiddel som er nytta, og eg treng ikkje ta omsyn til at intervjuobjekt kan ha andre forforståingar eller oppfatningar av barnevernet, media, eller media sin påverknad. Eit kjenneteikn på at eg nyttar ein kvalitativ studie er på grunn av måten eg nyttar avisartiklane på. Eg analyserar, og dannar då mine egne resultat og funn ut i frå artiklane. Eg vil her nytte artiklane til å danne min eigen empiri, og analysere artiklane slik at eg drar ut den informasjonen som er viktig for meg. Når det kjem til litteraturen som eg skal nytte frå bøker må eg likevel vere kritisk til data og litteraturen som finnast rundt problemstillinga mi.

Som beskrive i innleiinga vil eg ta for meg ei barnevernsak som er omtalt i to forskjellige aviser. Den saken eg har valt å bruke er den mykje omtalte Ragnhild- saken. Eg har valt å bruke den første artikkelen som er skriven om denne saken frå både VG og Bergensavisen. Desse avisene er begge tabloidaviser. VG er ei avis som dekkjer heile landet, og har på grunn av dette stor påverknadskraft. Grunnen til at eg i tillegg ville bruke Bergensavisen er at Ragnhild Embla Helsingreen var frå Bergen, og det var her hendinga fann stad.

Som nevnt ovanfor skal eg nytte ein fenomenologisk analyse der ein ser på meningsinnhaldet i to avisartiklar (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010, s. 173). I en slik analyse er det fire hovudsteg, som består av heilskapsintrykk og samanfatning av meningsinnhald, kodar, kategoriar og omgrep, kondensering, og samanfatning (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010, s. 173-178). Eg skal då arbeide med teksten på forskjellige måtar på kvart av stega, og vil då sitte igjen med det som eg meiner er innhaldet i artiklane. Eg vil også ta for meg dei forskjellige stega nærare seinare i oppgåva.

I følge Tjora (2011, s. 194) er fenomenologi ei filosofisk og sosiologisk retning som kjenneteiknast av at ein er oppteken av korleis fenomen og situasjonar opplevast. Eg vil bruke denne tenkinga til å finne ut korleis barnevernet opplevast og blir framstilt i Ragnhild-saken i dei to forskjellige avisene som eg har valt. Eg vil komme nærare inn på metoden, og korleis eg vil utføre analysen seinare i oppgåva.

Fordelen med å bruke denne metoden er at eg kjem godt in i dei artiklane som eg fokuserar på, og kan gjere ei meir grundig analyse av desse. Eg vil utforske og gå i dybden av desse artiklane, og det får eg mogelegheita til å gjere ved å nytte ei fenomenologisk analyse.

Ulempa ved analysa kan vere at resultatet ikkje blir representativt i forhold til media si dekning av barnevernsaker i alle aviser og saker som blir skrivne om. På ei anna side er det ikkje like viktig for mi oppgåve å oppnå eit resultat som ein kan generalisere, både på grunn av at eg skal nytte ein kvalitativ metode, og på grunn av val av problemstilling. Den første delen av problemstillinga mi er «Kan ein sjå forskjell på to aviser si dekning av same barnevernsak?». Allereie her har eg indirekte tatt eit val om at den analysa eg skal ta for meg ikkje blir ein analyse der ein kan generalisere resultatet.

Reliabilitet og validitet er to omgrep som er viktig å vurdere rundt metodebruken. Reliabilitet går ut på å vurdere pålitelegheita av data. For min del vil dette innebære at eg må vurdere om avisartiklane, data eg vel å bruke, innsamlinga og bearbeidinga av stoffet er pålitelig (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010, s. 40). I forhold til mi problemstilling må eg her vere bevisst på kva eg vel å fokusere på i analysa, og eg må sette spørsmålsteikn og vere kritisk til mine arbeidsmetodar og innsamling av data. Validitet går ut på kor godt eller relevant data representerar fenomenet eg skal undersøke, og i mi oppgåve må eg då vurdere og begrunne kvifor eg meiner at to avisartiklar gjev eit reelt bilete av korleis barnevernet blir framstilt i avisene (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010, s.69). Her må eg i mitt tilfelle

vurdere kvifor eg ikkje vel å ta for meg fleire artiklar, og om tidsrommet for kva tid artiklane vart skrive burde bli utvida. Eg må også vere kritisk til mine funn, og eg må vere kritisk til å generalisere mine funn.

3.0 Omgrepsavgrensing

For å unngå misforståing vil eg her ta for meg to omgrep som er vesentlige for problemstillinga. Her vil eg finne ut om eg kan sjå forskjell på to aviser si dekning av same barnevernsak, og om media sin måte å framstille barnevernet på kan svekke legitimiteten som barnevernet treng i samfunnet. Det første ordet eg vil ta for meg er legitimitet. Legitimitet er eit ord som eg meiner at det er viktig å gjere greie for i mi oppgåve, på grunn av at eg brukar dette omgrepet i mi problemstilling og gjennomgåande i oppgåva. Regjeringen (2010, 4.4 Legitimitet) sine nettsider beskriv dei legitimitet slik:

Legitimitet er også et svært bredt og omdiskutert begrep, som brukes forskjellig i ulike fag og tradisjoner, og ulike grupper eller aktører kan også ha ulike syn på det. Det omhandler i hvilken grad og hvorfor grupper i samfunnet aksepterer myndighetsutøvelsen fra offentlige aktører og institusjoner, enten av formelle eller andre grunner.

Ut frå denne grunngjevinga tolkar eg legitimitet som ein type tiltru og tillit som samfunnet har til barnevernet som ei offentleg teneste. Samfunnet må stole på at arbeidet som barnevernet gjer er rett, og at dette er eit organ som er nyttig i samfunnet. Slik eg ser det så er barnevernet ikkje berre avhengig av å ha rettmessig makt i følge lova, men dei er også avhengig av å ha tilliten til Noregs befolkning for å kunne gjere eit godt arbeid. Tillit er sterkt knytta til legitimiteten, og ein kan sjå på tillit som noko som kan vere med på å styrke legitimitet.

Det andre ordet eg skal ta for meg er media. Media er eit vidt omgrep som ofte omhandlar både aviser, tv og nyhende på internett. Alle desse formene for massemedia tek for seg barnevernsaker og har stor påverknadskraft, men i denne oppgåva vel eg å avgrense meg til berre aviser. Dette gjer eg også når det kjem til analysa eg skal ta for meg, då eg skal sjå på to avisartiklar. Når det kjem til bruk av bøker har eg nytta nokre bøker som omhandlar mediafaget for å belyse problemstillinga, og sjølv om det i desse bøkene står om alle typane av massemedia har eg likevel mitt fokus på aviser.

4.0 Teoretisk ramme

Få setje ei teoretisk ramme rundt problemstillinga mi har eg valt å ta for meg ein teoretisk del i denne delen av oppgåva. Hovudfokuset i denne delen av oppgåva vil vere på andre del av problemstillinga mi, og sjå på om media sin måte å framstille barnevernet på svekke legitimiteten som barnevernet treng i samfunnet. Eg vil nytte ulike kjelder for å belyse problemstillinga. Her vil eg ta for meg nokre forskningsspørsmål som eg vil svare på for å ha eit betre utgangspunkt for drøfting.

4.1 Kvifor er barnevernet avhengig av legitimitet i samfunnet?

Legalitetsprinsippet er eit prinsipp som står svært sterkt i det norske barnevern, og ein kan ikkje setje noko i kraft utan at ein har heimel i lov (Lindboe, 2008, s. 41). Det norske lovverket gjev barnevernet makt til å setje i verk tiltak i familiar også utan samtykke, så lenge ein har heimel i lova. Legalitet er derfor noko som barnevernet automatisk har i samfunnet. Legitimitet er derimot noko som ein ikkje automatisk har, men noko ein må jobbe for å få.

Som skrive tidlegare handlar legitimitet om truverd og aksept til offentlege organ, og utan denne tiltrua kan arbeidet som dei offentlege organa utførar bli vanskelig å gjennomføre. For at barnevernet skal kunne utføre arbeidet sitt, og hjelpe barn og unge i samfunnet som er i utsette situasjonar er ein avhengig av at samfunnet har tillit. Tilliten omhandlar både ein erkjenning av at det er barn og unge i samfunnet som treng hjelp, at barnevernet er ein hjelpeinstans, og tillit til at arbeidsmåtene og prosessen er heimla i lov og blir utført på ein god måte. Ein måte å auke tilliten på, kan vere å auke kunnskapen rundt dette arbeidet. Barne- og familiedirektoratet sin nettressurs, Barnevernet.no er laga med den forståinga av at kunnskap gjev betre vern for barna, og at det skal vere enklare å finne informasjon om barnevernet og arbeidet der (Fisher, 13.02.2011, Kunnskap gir tillit). Dette kan bidra til at grunntankane eit organ som er bunden av teieplikt og strenge reglar kan bli betre kjend og forstått.

Mange opplev barnevernet som eit svært lukka organ, og dette kan ha samanheng med at dei er bundne av teieplikt, har mykje makt, kjem svært tett inn på familiar og kan sette i verk tiltak. Kunnskap og openheit er derfor noko som blir diskutert frå fleire hold, og noko som mange ser på som eit godt verkemiddel i forhold til å auke tilliten og legitimiteten. Blant anna er det sagt at kommunikasjon mellom barnevernet og befolkninga, og at eit opnare barnevern

kan vere med på å styrke legitimiteten. Dette er noko som Barne- og likestillingsdepartementet og Bufetat allereie har arbeida med i ein del år.

Barne- og Likestillingsdepartementet og Bufetat har difor uforma ein kommunikasjonsstrategi for barnevernet, der kommunikasjon med omverda skal stå sterkt (Bufetat, 2008). Dei meiner her at eit opnare barnevern skal gje barnevernet større legitimitet i samfunnet, og gjere det betre for borna som er inne i barnevernssystemet (Bufetat, 2008). I media blir ofte barnevernet framstilla som ein versting, og det er viktig for legitimiteten at barnevernet kommunisera kva arbeidet går ut på, kva moglegheiter barnevernet har til å hjelpe, og kva argument som ligg til grunn for generelle avgjersler som blir tatt i barnevernet. Det er viktig for tilliten og samarbeidet at familiar og barn ser på barnevernet som ein instans som kan hjelpe, og ikkje som ein instans som «berre» kan komme inn i heimen og ta borna frå foreldra.

Barnevernet er dessutan ein instans som er avhengig av at privatpersonar, skule, helsesøster, og andre som er i dagleg og nær kontakt med unge, har ein tillit og legitimitet til barnevernet sitt arbeid. Dette er på grunn av at barnevernet er avhengig av å få inn bekymringsmeldingar. Barnevernet er ikkje ein instans som reiser rundt på skular eller i byane for å oppdage barn og unge som treng hjelp, dette er noko som for eksempel bekjendte, lærarar eller helsesøster må melde frå om. På grunn av dette er der svært viktig at desse personane som potensielt kan melde til barnevernet, har eit positivt intrykk av barnevernet sitt arbeid og at dei stolar på at det er trygt at dei melder til barnevernet.

4.2 Korleis blir barnevernet framstilt?

For å kunne gje eit godt teoretisk bilete av om media si framstilling av barnevernet påverkar legaliteten, har eg valt å ta for ein del der eg tek for meg akkurat dette. Det er viktig å ha informasjon og kunnskap om korleis barnevernet er framstilt i media for å kune seie noko om dette kan påverke biletet av barnevernet utad, og difor har eg teke for meg to kjelder her som har to forskjellige meiningar om korleis barnevernet blir framstilla.

Det at media har tendensar til negative vinklingar av barnevernsaker er noko som er skrive og diskutert mykje rundt. Wenche Figenschow, Erik Ringberg og Merethe Ekanger (2006, s. 167) refererer til Figenschow når dei skriv at:

En gjennomgang av forskning og litteratur som berører temaet barnevern og media fra de siste 20-25 år, viser blant annet at barnevernet som oftest er negativt profilert og at

barnevernsarbeidere ofte er usikre på hva de kan si selv om de er løst fra taushetsplikten. Da er det best å vere taus.

Dette sitatet seier at barnevernet oftast er omtala negativt, og at dei som arbeidar innan dette feltet kanskje tyr til tausheit for å unngå ubehagelige situasjonar med media eller familiar til tross for at dei er løyst frå teieplikta. Den neste kjelda eg har valt å ta for meg her har ei noko anleis syn på saka. I ei masteroppgåve frå universitetet i Oslo er det nytta ei innhaldsanalyse av barnevernsframstillingar i VG og Dagbladet (Føleide, 2011). I samandraget av masteroppgåva er det skrive bland anna:

Hovudfunna i analysen indikerer at framstillingane av barnevernet går i retning av å vere mindre stereotype og negative. Det er ein tendens til fleire nøytrale og balanserte framstillingar, samanlikna med tidlegare forskning.

Dette funnet tilseier at framstillingane i VG og Dagbladet har meir positive en tidlegare, og består av meir nyanserte framstillingar slik eg forstår det (Føleide, 2011). Det kan vere fleire grunnar for at ho finn dette som ein tendens. Ein grunn kan vere at barnevernet sitt arbeid er betre kommunisert til samfunnet utad, og at ein derfor har meir kunnskap om arbeidet.

I denne masteroppgåva frå universitetet i Oslo er det også funne at det er fleire forskarar, intellektuelle og barnevernet sjølv som engasjerar seg i debatten, men set også eit kritisk blikk på om hennar resultat av forskinga kan generaliserast (Føleide, 2011). Dette kan også vere eit eksempel på at meir kunnskap og informasjon kjem ut til samfunnet, og at ein i staden for å kommentere enkeltsaker ved å seie «ingen kommenter» kanskje har gjeve meir generell informasjon om arbeidet. Dette kan vere med på å gjere avgjerslene meir forståelig, og at både journalistane og den enkelte lesar veit meir kva som fører til at forskjellige avgjersler blir tatt.

4.3 Kva påverkingskraft har media i samfunnet?

I tillegg til å sjå på korleis VG og Bergensavisen har dekkja Ragnhild-saka, er problemstillinga mi også knytt til om media sin måte å framstille barnevernet på, kan svekke legitimiteten som barnevernet treng. For å kunne nærme meg dette spørsmålet og skape større forståing, vil eg difor først sjå nærare på korleis mediekunnskapen forklarar media si påverknadskraft.

Waldahl (1999, s. 74) skriv blant anna i si bok om mediepåverknad:

I tidligere tider var personlig erfaring den klart viktigste delen av folks samlede erfaringsgrunnlag. I dag er betydningen mindre, og det er i første rekke massemediene som representerer forskjellen. Gjennom radio, tv, aviser, film, ukeblad og andre medier erverver folk kunnskaper, inntrykk og opplevelser om sider ved virkeligheten som de selv ikke har erfart eller vært i direkte berøring med.

Denne erfaringa Waldahl (1999, s. 74) viser til her blir kalla vikarierende erfaring, og denne typen erfaring inneber at ein kan nyttiggjere seg andre sine kunnskar og innsikt. Dette kan både vere positivt og negativt for lesarar, sjåarar eller lyttarar. Det kan gjere at vi sit igjen med god og nyttig kunnskap som ein kan ha mykje glede av, men i andre tilfelle kan det føre til at vi sit igjen med eit inntrykk av verkelegheita som ikkje er rett.

Dei som les aviser må stole på at det som avisene setter på trykk er riktig verkelegheitsbeskriving, og ein forventar at journalistane som skriv sakene gjer jobben sin som består mykje av å gjere «research» og finne bakgrunnsinformasjon (Waldahl, 1999, s. 74). Om denne jobben ikkje er gjort godt nok, og feil eller for dårlig informasjon blir nytta, kan dette skape feil inntrykk for lesarane og det kan påverke lesarane sine haldningar.

Mitt val av aviser til denne oppgåva hadde også noko med media si påverknadskraft å gjere. Dei to avisene eg har valt artiklar frå til analysen min er VG og Bergensavisen. VG er ei landsdekkjande avis, medan Bergensavisen er ei avis som er godt kjend på vestlandet. Slik eg ser det er desse avisene tabloidaviser på grunn av at dei blir solgt i laussal i tillegg til abonoment og iternettverson. Dei har ofte store overskrifter og bilete for å fange merksemd, og artiklane er ikkje så lange og er skrivne i små avsnitt. Alt dette gjer at merksemda til lesaren blir fanga, og les artiklane på grunn av at det er lettlese stoff som ofte ikkje er over fleire sider. Stang (2007, s. 20) refererer til Allern når ho skriv i sin artikkel om framstillingar av barnevernet i laussalspressa, noko om tabloidaviser. Ho skriv blant anna:

VG og Dagbladet, som moderne løssalgaviser i Norge, står for en spesiell presentasjonsform og journalistikk hvor språklige, billedlige og typografiske virkemidler til sammen presenterer budskapet, skriver Allern. Denne formidlingsformen er preget av en sterk personorientering og dramatisering.

Det verkemiddela som blir beskrive her, som gjer at avisene blir rekna for å vere tabloidaviser, er danna for å fange lesaren. Dette gjer at desse avisene også når mange lesarar, og mar moglegheita til større påverknad på denne måten.

Som nemnt i innleiinga blir ofte massemedia omtala som ei «fjerde statsmakt», og skal vere ein form for kontrollorgan ovanfor dei instansane i samfunnet som har makt. Dette er noko som for eksempel VG reklamerer for i tv-reklamer, at dei set søkelyset på urett som blir begått ovanfor dei «svake» i samfunnet. Eg tenkjer at dette er ein faktor i biletet om kvifor avisene, og anna massemedium ofte set søkelyset på barnevernet og det arbeidet ein gjer der og kvifor mange har tiltru til at det som blir skrive er riktig. Barnevernet er ein instans med mykje makt ovanfor grupper som treng hjelp i samfunnet, og det er ein svært lukka instans med teieplikt som ikkje alle har informasjon om. Dette kan sikkert for nokre virke skremmande, og ein kan kanskje tru at ein på grunn av dette har noko å skjule. Ved at massemedia har fått eit kallenamn som «den fjerde statsmakt» gjer at pressa får ein viss legitimitet og truverd. Når det hender at det blir skrive om barnevernsaker i avisene kan dette då vere ein faktor som fører til at ein lett kan tru på alt som blir skrive, utan å sjå på saka med eit kritisk blikk.

5.0 Analyse

Som sagt tidlegare, vil eg ta for meg ein fenomenologisk analyse av to artiklar der same sak er dekkja av to forskjellige aviser. I metodedelen nemnte eg dei forskjellige stega som ein nyttar ved gjennomføring av ein slik analyse. Eg vil først og fremst gå nærare inn på desse stega for å gje eit meir detaljert bilete av korleis eg skal gjennomføre analysa. Eg har valt å skrive denne delen ved at eg først presenterar steget, deretter korleis eg har utført analysen i dette spesifikke steget og til sist resultatata av dette steget.

Denne delen blir ein gjennomgang og beskriving av empirien som skal ligge til grunn for oppgåva. Eg vil også nytte anna fagstoff for å belyse og støtte opp om funn og problemstillinga seinare i oppgåva.

5.1 Heilskapsintrykk og samanfatning av meiningsinnhald

I denne første delen av analysa vil eg bli betre kjend med datamaterialet, få eit heilskapsintrykk, og leite etter sentrale tema utan å fokusere på detaljar (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010, s. 173). Vidare vil eg byrje med ein kortfatta verson av dei data som eg

finn for å gje eit innblikk av mine første observasjonar, inntrykk og tema (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010, s. 174).

Den første artikkelen eg las var artikkelen frå Bergensavisen, og eg har her gått gjennom artikkelen og notert tema eller stikkord i margen. I denne artikkelen går journalisten systematisk og kronologisk gjennom saken, der mor sine kommentarar er gjennomgåande. I den første delen av artikkelen tar journalisten for seg noko av Ragnhild sin bakgrunn, mor sine kommentarar om dette, og om plasseringane Ragnhild hadde på forskjellige institusjonar. Det første eg tenkte når eg leste denne artikkelen var at eg fekk inntrykk av at denne er skriven for å informere og opplyse, og ikkje for å sette barnevernet i eit dårlig lys. Det er ikkje skrive mykje om barnevernet, bortsett frå når det er skrive om omsorgsovertakinga og plasseringane på forskjellige institusjonar. Tema som eg merka meg når eg leste artikkelen er livet før barnevernet, omtale av barnevernet, samlivsbrot, oppfølging, og rusmiddelmissbruk etter akutt plassering. Dette vil eg seie er hovudtema som artikkelen består av.

Artikkelen som VG har skrive har eg lest gjennom og arbeida med på same måte som den første artikkelen. I denne artikkelen var mitt første inntrykk at den ikkje var skriven i kronologisk rekkefølge, og eg merka meg ein del meir negativitet rundt omtale av barnevernet. Artikkelen byrja med ei lita innleiing om Ragnhild Embla Helsengreen, og følgde opp med å skrive nokre avsnitt om ei sak som hende i 2009 der ei jente som var under barnevernets omsorg døde etter å ha sniffa lightergass. Etter dette fortsett journalisten med historia til Ragnhild der dei hoppar litt fram og tilbake i tid, også i denne artikkelen er mor sine kommentarar gjennomgåande i artikkelen. Heilt på slutten av artikkelen er det vist til at Barne- ungdoms og familieetaten (Bufetat) sa nei til å uttale seg, og ei kort oppsummering av hendinga. I denne artikkelen har eg også notert med nokre hovudtema som eg meiner er relevante å nemne. Desse er omtale av barnevernet, oppfølging, institusjonsbytter, og rømming.

Det er mange forskjellige verkemiddel som er vanlege å nytte når ein skal skrive ein tekst, eller i dette tilfellet ein avisartikkel. I dei avisartiklane som eg no har lese la eg spesielt merke til to verkemiddel. Det eine verkemiddelet er å skrive setningar på ein tvetydig måte, ved å skrive noko som får lesaren til å tenkje at det omvendte er tilfellet. Eg fann to eksempel på dette, eit frå kvar artikkel. Det første eksempelet eg la merke til var overskrifta i artikkelen frå VG: «Alt hun ønsket var et vanleg liv», og det andre eksempelet var frå eit av avsnitta

Bergensavisen: «De mener at det er til hennes beste». Begge disse eksemplene meiner eg kan påverke lesarane til å tenkje at barnevernet førte til at Ragnhild ikkje fekk eit godt liv, og at omsorgsovertakinga ikkje var det beste for Ragnhild og hennar situasjon.

Eit anna verkemiddel som eg la spesielt merke til var i artikkelen skriven av VG. Artikkelen byrjar med overskrift, ingress, og to avsnitt med litt lenger innleiing. Deretter har dei med fem avsnitt der dei tar for seg ei sak som omhandlar ei 17 år gammal jente som opplevde det same som Ragnhild, og døde etter å ha rusa seg. I denne delen er det også teke med noko negativ informasjon om barnevernet og institusjonsplasseringar. Det vert først presisert at denne jenta som døyde etter å ha sniffa lighter-gass var under barnevernets omsorg, og deretter tar dei for seg informasjon om ungdom på institusjon sitt forhold til narkotikabruk. Ut ifrå det eg ser, og min kunnskap om ungdom på institusjon og fristelsar eller press dei blir utsett for, er denne informasjonen korrekt. Det er også skriven av Helland og Øia (2000, s. 76) at plassering på institusjon kan vere eit godt akutttiltak, men ungdomane kan ofte gå tilbake til same tilstandar etter behandling, og ein kan oppleve ein type «smitteeffekt» mellom ungdomar på institusjon. Dette vil då seie at for eksempel oppførsel eller bruk av narkotiske stoff kan påverke mange ungdomar på institusjon om ein eller fleire har desse problema. Legitimiteten rundt denne informasjonen i artikkelen er ikkje det eg meiner blir brukt som verkemiddel, men bruken av den informasjonen som kan vere med på å skape eit negativt bilete og haldningar før journalisten tek for seg saken om Ragnhild.

5.2 Kodar, kategoriar og omgrep

For å kunne utføre den andre delen av analysen må eg finne ut av kva hovudtema eg vil ha informasjon om. I teksten skal eg gå systematisk gjennom artikkane og finne delar i teksten som gjev meg kunnskap om dei hovudtema som eg tek utgangspunkt i (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010, s. 174). Dei delane i teksten som eg finn relevante markerar eg med eit eller fleire kodeord i marginen, og etter kvart vil eg organisere teksten i klasser og kategoriar som er relevante for analysa mi (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010, s. 174). I løpet av prosessen er det ikkje uvanleg at ein må gå tilbake i analysa og endre på nokre av kodeorda, noko som kan tyde på at ein er blitt betre kjend med datamaterialet sitt (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010, s. 174).

Mange av dei hovudtema eg fann i første steget av analysa var like i både artikkelen frå VG og Bergensavisen. Veldig mykje av informasjonen i artikkane var lik, og på grunn av at

kodeorda eg fann også var like har eg valt å skrive om mine kodeord frå begge artiklane saman. Dei hovudtema eg fann i artiklane i første steget av analysen er som nemnt før barnevernet, omtale av barnevernet, samlivsbrot, oppfølging, institusjonsbytter, rømning og rusmiddelmissbruk etter akutt plassering. Etter å ha lese gjennom artiklane fleire gongar og funne stoff som samsvarar med dei hovudtema som eg tok for meg i første steget av analysa, har eg korta ned, endra litt på nokre av tema og gjort dei om til kodeord.

Både oppfølging, omtale av barnevernet, rømning og institusjonsbytter korta eg ned til eit kodeord som eg har kalla «barnevern». I dei artiklane er alle desse elementa knytt til barnevernet, og det var derfor naturleg å slå desse saman. I denne oppgåva går eg inn i artiklane for å finne ut korleis barnevernet blir omtala, og dette kodeordet er det eg reknar som det viktigaste. Det andre kodeordet eg danna kalla eg «rusmiddelmissbruk». Dette er på grunn av at det er skrive at det mest truleg var rus som førte til Ragnhild sitt dødsfall. Det er dessutan stort fokus på rus i artiklane og eg meiner derfor at dette er eit viktig kodeord å ha med som ein del av analysa. Det siste kodeordet eg har valt å ha med er «før barnevernet». Grunnen til dette er at det er noko som er viktig for artiklane. Det som er skrive om korleis Ragnhild hadde det før barnevernet kom inn i biletet er noko som eg er interessert i å undersøke. Eg meier at det er viktig å sjå på korleis dei vinklar denne informasjonen i forhold til korleis ting endra seg.

Grunnen til at eg har slått saman tema til kodeord er på grunn av at mange av tema eg tenkte var viktige å ta for meg i første steget av analysen overlappar kvarandre, og handlar til sjuande og sist om same tema. Eg har også utelukka nokre tema som eg hadde i første steget og ikkje teke desse vidare til kodinga. Dette på grunn av at eg etter å ha lese artiklane fleire gongar ikkje fann dette relevant i forhold til mi problemstilling og kva eg vil samle inn av data. Eksempelvis hadde eg eit tema i første delen av analysa som eg kalla for «samlivsbrot». Dette blei berre nemnt ein gong i teksten, og eg meiner at denne delen av artiklane ikkje hadde like stor betydning for problemstillinga mi som dei kodeorda eg sat igjen med til slutt.

5.3 Kondensering

Denne fasen tar også utgangspunkt i koding, men her tek ein ut delane av teksten som er koda og ordnar materialet etter kodeorda (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010, s. 176).

Vidare i denne fasen kan ein nytte tabellar eller matriser for å sette opp kodeorda, og sjå om nokre av kodeorda kan slåast saman eller ordnast inn under kvarandre (Johannessen, Tufte &

Christoffersen, 2010, s. 176). Her vel eg å nytte matrise for å sette opp kodeorda, grunnen til dette er at eg synast at dette er ein god metode å bruke og det er ein metode som eg er kjend med.

I denne fasen byrja eg først med å markere berre dei delane av teksten som er i samanheng med dei kodeorda som eg fann ut av i forrige steg av analysa. Deretter laga eg meg ei matrise for hand og sat kodeorda inn og tok for meg begge tekstane etter tur. I den oversikta eg skal vise no har eg kodeorda øvst, avisene på sida til venstre, og skriv i stikkordsform dei delane av teksten som er relevant i forhold til kodeorda. Informasjonen som eg trekk ut frå avisartiklane skriv eg inn skjemaet i kronologisk rekkefølge, så langt det lar seg gjere.

Avisartiklar	Før barnvernet	Barnevern (bvt.)	Rusmiddelmisbruk
VG	<ul style="list-style-type: none"> - Flytta til Bergen (2003). - Aktiv jente med mange vener. - Riding, handball, kor. 	<ul style="list-style-type: none"> - Første kontakt med bvt. i 2006. - Følgd opp på rus. - Mor meiner oppfølging var for dårlig. - Våren 2009, plassert på Kalfaret, institusjon. - Budde på tre forskjellige institusjonar og ein ungdomsheim sitt siste leveår. - Mor seier stabilitet og tryggleik var eit problem for dottera. - Rømde frå institusjon. - Funne død i leilegheit. - Bufetat vil ikkje kommentere kritikk frå mor. 	<ul style="list-style-type: none"> -Byrja ruse seg jamleg med hasj og prøvde kokain og amfetamin hausten 2009, etter plassering på Kalfaret. - Rømmer fleire gongar for å oppsøke rusmiljø i Bergen. - September 2010 blir Ragnhild funne død, trulig etter overdose. - Mor meiner kanskje Ragnhild ikkje blei teke alvorlig nok på grunn av mor si tidlegare rusfortid. - Mor trur dottera fekk i seg noko ho ikkje hadde kontroll på.
Bergensavisen	<ul style="list-style-type: none"> - Budde i Stavanger. - Trivdas på skulen. 	<ul style="list-style-type: none"> -Akutt plassering i 2009 til Kalfaret. 	<ul style="list-style-type: none"> - Byrjar ruse seg jamleg med hasj september 2009,

	<ul style="list-style-type: none"> - Flytta til Bergen med familie (2003). - Svært aktiv, riding, handball, kor. 	<ul style="list-style-type: none"> - November 2009 tek bvt. omsorgsovertaking. - «De mener at det er til hennes beste». - Kort opphald på ungdomsheim. - Flytta til ny institusjon i Oslo der tilpassinga var god. - Flytta til ny institusjon i Hordaland. - Rømmer frå institusjon fleire gongar. - Etter siste rømming blir Ragnhild funne død. - Mor meiner dotter ikkje hadde nok rammer og struktur, og lite tilsyn. 	<ul style="list-style-type: none"> etter akutt plassering på Kalfaret. - Prøver også amfetamin og kokain. - Rusproblema blir hyppigare og meir alvorlige. - Innrømmer å ha rusa seg på hasj på siste institusjonen. - Blir observert rusa og sovande på ein buss. - Rømmer i mai 2010, ruser seg slik at ho får pustestans. - Blir funne død i september.
--	--	--	--

5.4 Samanfatning og tolking av funn

I denne siste delen av analysa vil eg analysere datamaterialet som eg har funne, dette ved å identifisere mønster, samanhengar, og prosessar, som kanskje kan bli enda meir systematisk forenkla (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010, s. 176-178).

Eg skal no ta for meg begge artiklane kvar for seg i korte trekk, og deretter sjå på resultata etter kodinga og ta for meg likskapane. Sjølv kallar eg denne delen for «samanfatning», då det er her eg analyserar resultata mine.

Bergensavisen hadde den første artikkelen som eg las, og det intrykket eg sat igjen med etter å ha lese den var at dette var ein artikkel som var skriven for å informere. Det som gjer at eg sit igjen med dette intrykket er at journalisten verka stort sett objektiv i mine auge, og artikkelen var skriven ryddig og kronologisk. Dette har også ført til at eit av mine inntrykk også er at artikkelen fekk godt fram sanninga i saken, og at dette er ein artikkel som har ei truverdig framstilling av barnevernet.

Då eg leste artikkelen som VG hadde skrive om Ragnhild-saken var mitt første intrykk at dette var ein artikkel som hadde noko negativ framstilling av barnevernet. Grunnen til at eg sit igjen med dette intrykket av artikkelen er delvis på grunn av verkemiddela som skrive om i første fasen av analysen. Det kan verke som journalisten nytta desse verkemiddela for å skape eit spesielt intrykk av barnevernet for lesarane. Artikkelen var i mine auge ganske uryddig på grunn av at journalisten hoppa fram og tilbake i tid, og skreiv ikkje hendingane i kronologisk rekkefølge. I første omgang sat eg igjen med eit negativt intrykk av artikkelen frå VG og eit meir positivt intrykk av artikkelen frå Bergensavisen. Etter at eg hadde sett nærare på matrisa ser eg at informasjonen er omtrent heilt lik i begge artiklane. VG har i sin artikkel med meir informasjon en Bergensavisen, og intrykket blei derfor meir jamstilt omkring begge artiklane.

Personleg har eg hatt ein forståelse av at barnevernet blir framstilla svært negativt i avisene, men eg veit no at dette ikkje er noko som eg kan ta som ei sjølvfølgje og at dette er noko som kan variere. Noko eg merka meg var at framlegging av informasjon og samansetnaden har mykje å seie for det intrykket du sit igjen med etter å ha lese ein artikkel. I begge artiklane som eg har lest hadde dei med mykje god informasjon, og det aller meste av denne informasjonen var lik i begge artiklane. Dei begge har med mykje av mor sine utsagn gjennomgåande i artiklane, noko som gjev eit inntrykk av at dei tek omsyn til dei pårørande. Når eg ser på resultatata i kondenseringa så er det lite forskjell i informasjonen, men VG sin artikkel har med noko meir informasjon enn artikkelen frå Bergensavisen. VG hadde med faktainformasjon om institusjonsplasseringar og rus, og dei har med nokre avsnitt der dei har gjeve Bufetat mogelegheit til å kommentere saka. Sjølv om Bufetat tok eit val om å ikkje kommentere saka, meiner eg at det er positivt at VG gav dei denne mogelegheita. Intrykket mitt til slutt er delt om begge artiklane. Begge avisene har basert seg på mykje god faktainformasjon, men det var samstundes stor forskjell på intrykket om kva artikkel som gav eit negativt eller positivt intrykk av barnevernet.

6.0 Drøfting

Tidligare i oppgåva har eg tatt for meg ein analyse som legg grunnlaget for min empiri i denne oppgåva, og eg har tatt for meg det teoretiske grunnlaget som eg vil bruke til å setje ei ramme rundt mi problemstilling. I denne delen av oppgåva vil eg nytte analysa og teorien som eg har skrive om ovanfor og sjå på dette i forhold til mi problemstilling. Problemstillinga mi er, som omtalt før, «Kan ein sjå forskjell på to aviser si dekning av same barnevernsak?» Og

underproblemstilling: «Kan media sin måte å framstille barnevernet på svekke legitimiteten som barnevernet treng i samfunnet?». Eg vil byrje med å ta for meg den første delen av mi problemstilling, og sjå om anna stoff kan støtte opp om eller setje lys på dette.

6.1 Media si framstilling av barnevernet

Analysa som eg gjennomførte tidlegare i oppgåva gav meg noko blanda resultat. På den eine sida hadde eg eit positivt intrykk av god bruk av informasjon og mor som kjelde i artiklane etter analysen. Begge artiklane hadde mykje av same informasjon, og hadde ikkje referert til kvarandre, noko som kan tyde på at begge journalistane har gjort lekse si rundt «research» og nytta informasjonen på ein objektiv måte. På den andre sida meiner eg likevel at artikkelen skriven av VG ikkje gjennomgåande bar preg av objektivitet på grunn av noko informasjon om ungdom og påverknad på kvarandre på institusjon, og eit eksempel frå ei anna sak som blei teke med i artikkelen. Måten denne informasjonen blei brukt på førte til ei meir negativ vinkling mot barnevernsinstitusjonar, som kan påverke lesarane sine holdningar når ein les resten av artikkelen. Til sjuande og sist hadde artiklane mykje god informasjon om saken, og eg fekk dermed ikkje bekrefte min mistanke om at desse artiklane kom utelukkande til å vise eit negativt bilete av barnevernet. Dette kan vere eit teikn på at avisene har meir fokus på faktainformasjon, og å gje eit rettmessig bilete av sakene. Det kan også vere ein faktor at barnevernet og Bufetat har hatt mykje fokus på openheit og å gje Noreg si befolkning meir kunnskap om arbeidet barnevernet utfører.

Gjennom oppgåva har eg teke for meg fleire forskjellige kjelder som skriv om media si vinkling av barnevernsaker, og resultatet er ikkje likt i alle kjeldene. I masteroppgåva frå universitetet i Oslo som eg nytta tidlegare i oppgåva var det funne ei positiv utvikling av media sin framstillingsmåte av barnevernsaker, og at fleire forskarar og representantar frå barnevernet utalar seg (Føleide, 2011). Dette igjen kan vere med på å styrke for eksempel avisartiklar som blir skrivne, på den måten at ein nyttar seg av forskning, utalingar frå barnevernet og dermed baserar artikkelen på riktig og nyttig informasjon. Anna forskning har andre resultat som blir lagt fram. Som omtala tidlegare i oppgåva refererer Figenschow, Ringberg og Ekanger (2006, s. 167) til Figenschow når dei skriv at ut i frå forskning og litteratur som dei har teke for seg har media oftast presentert barnevernet i eit negativt lys dei siste 20-25 åra. Denne boka er skriven for nærare ti år sidan, medan forskinga til Føleide blei gjort for to år sidan. Noko som kan vere grunnen til den store forskjellen i forskingsresultat, er

nettopp at tidene utviklar seg og sidan 2006 er det blitt meir fokus på openheit og kunnskap utad til folket.

Bufetat og barne- og likestillingsdepartementet har for eksempel sett i verk ein kommunikasjonsstrategi for meir openheit rundt barnevernet, og der står kommunikasjon til omverda sterkt (Bufetat, 2008). Denne kommunikasjonsstrategien blei lansert i 2004, og kan derfor ha gjort mykje positivt arbeid frå 2004 og fram til i dag. I skrivet som er laga om kommunikasjonsstrategien skriv dei også at barnevernet er avhengig av legitimitet og tillit i samfunnet, og at i følge undersøking blir barnevernet oppfatta som meir positivt bland folk når denne rapporten blei skriven en i 2003 (Bufetat, 2008). Dette tyder også på at utviklinga av barnevernet sitt omdømme, og legitimiteten til barnevernet bevegar seg i riktig retning.

6.2 Barnevernet og legitimitet

Problemstillinga eg har valt er som sagt delt i to delar, og eg vil no sjå nærare på siste del av problemstillinga som går ut på ta for meg om media sin måte å framstille barnevernet på kan svekke legitimiteten som barnevernet har i samfunnet. Media sin måte å framstille barnevernet på har eg allereie gått nærare inn på i den første delen av drøftinga, og eg kjem derfor til å fokusere meir på forholdet mellom legitimiteten som barnevernet har og treng i samfunnet, og om media sin påverknadskraft utad.

I delen der eg har teke for meg den teoretiske ramma basert på litteratur har eg allereie skrive noko om media sin påverknadskraft. Waldahl (1999, s. 74) skriv om noko som han kallar for vikarierande erfaring, der ein kan nyttiggjere seg andre sine kunnskapar og innsikt for å få kunnskap om den aktuelle saken eller hendinga. Dette er noko som ein kan sjå i forhold til at mange menneskjer tar mykje av det media skriv for gitt, eller at ein oppgjer seg ei mening om barnevernet og dette organet sine måtar å arbeide på basert på saker og artiklar dei har lese om i media. Det er mange i Noreg si befolkning som har hatt kontakt med barnevernet eller som kjenner nokon som har det, men ikkje på langt nær alle har kjennskap til barnevernet. Det å lese om sakene som er skrivne om barnevernet kan då påverke dei som ikkje allereie har kjennskap til dette hjelpeorganet.

Media sin framgangsmåte i både nyheitsartiklar i avisene og andre typar media er utfikla for å påverke, for å sele aviser og abonnement, og det er utvikla for å skape interesse og diskusjonar. Tabloidavisene som eg har valt å nytte til mi oppgåve har store moglegheiter til

dette ved at dei når ut til mange lesarar, dei nyttar store overskrifter og bilete, og dei skriv relativt korte og lesarvennlege artiklar (Stang 2007, s. 20). Dette, saman med teorien eg nyttar frå Waldahl (1999), kan dette gjere at media får store mogelegheiter til å påverke lesarane, og for eksempel påverke deira meiningar og haldningar i forhold til barnevernet.

I store delar av denne oppgåva har eg også tatt for meg ordet legitimitet og kva dette har å seie for barnevernet. Legitimitet er nært knytt til tillit. Det å ha tillit til barnevernet og det arbeidet dei utfører er svært viktig for at barnevernet skal kunne utføre arbeidet sitt. Noko som eg har skrive om i delen av oppgåva som omhandlar mi teoretiske ramme har eg nemnt at tillit og legitimitet spesielt er viktig for at menneskje ikkje skal vere redd for å melde saker inn til barnevernet. Det er også viktig at familiar som er inne i barnevernet har eit intrykk av at dette er nokon som kan vere med på å gje dei hjelp og støtte, og ikkje følar at dette er ein instans som driv med arbeid som dei ikkje meiner er akseptert i samfunnet. Som nemnt fleire gongar har også Bufetat og Barne- og Likestillingsdepartementet sett at legitimitet og tillit er noko som er så viktig for barnevernet at dei har sett i gong tiltak for å auke kommunikasjon og openheit mellom barnevernet og det Norske folk (Bufetat, 2008). Dei meiner her at openheit rundt arbeidsmåtar og tenkjesett kan vere med på å auke kunnskapen til folket, og på denne måten føre til at dei stolar meir på avgjerslene som blir gjort innan barnevernet. Dialog og kunnskap aukar legitimiteten.

Når det kjem til arbeidet med utforminga av den siste delen av mi problemstilling meiner eg at det er viktig for meg å reflektere over korleis eg valte å vinkle denne, og korleis eg valte å ordleggje meg. I mi problemstilling har eg valt å formulere meg slik: «Kan media sin måte å framstille barnevernet på svekke legitimiteten som barnevernet treng i samfunnet?». Eg har også undra meg på om eg kunne ha snudd denne problemstillinga på hovudet og heller spurdt om media sin måte å framstille barnevernet på kan styrke legitimiteten. Media har makt til å påverke sine lesarar og sjåarar, og eg meiner då at om dei har mogelegheit til å skape negative bilete, har dei også mogelegheit til å skape positivt bilete. Som skrive tidligare i oppgåva har eg teke for meg noko forskning som meiner at nyheitsbiletet har betra seg i forhold til negativ omtale om barnevernet. Det kunne derfor vore spennande å sjå på korleis media kan vere med på å styrke barnevernets legitimitet og tillit i samfunnet.

Med grunnlag i teori eg har teke for eg i denne oppgåva vil eg seie at sakene som omhandla barnevernet kanskje var mykje prega av negativitet og uvitanheit for ein del år sidan. Eg vil

også seie at dette har betra seg med åra. Det har vore mykje diskusjon rundt korleis barnevernsaker blir omtala i media. Mange har også reagert sterkt på det dei har lese i media, både menneskjer som meiner ar barnevernet ikkje gjer jobben sin, men også menneskjer som meiner at denne framstillinga ikkje er korrekt. Blant anna har Bufetat og Barne- og Likestillingsdepartementet sett i verk ein kommunikasjonsstrategi for å skapa meir openheit rundt barnevernet, og det er fleire barnevernkontor, og barnevernsleiarar som har tatt på seg arbeid med å skape kommunikasjon og openheit mellom barnevernet og befolkninga (Bufetat, 2008). Enno er ein ikkje heilt i mål med dette arbeidet, og enno kan kommunikasjonen betre seg, men dette arbeidet har ført til mange steg i riktig retning. Det eg har funne ved å skrive denne oppgåva er derfor at media har store mogelegheiter for å påverke lesarane i dei retningane som eventuelt journalisten vil. På grunn av dette meiner eg også at legitimiteten som barnevernet treng frå folket kan bli skada på grunn av vinklinga som media kan bruke, men at media også i framtida kan vere med på å nytte påverknadskrafta si til å styrke legitimiteten. Etter analysa eg foretok meg i denne oppgåva såg eg at media kom med mykje god informasjon om sakene, og dette kan vere noko som kan styrke openheita og truverda til både barnevernet og media.

7.0 Avslutning

Avslutningsvis vil eg kort oppsummere kva eg har teke for meg gjennom oppgåva. I byrjinga av oppgåva presenterte eg problemstillinga, og begrunna kvifor eg valte denne og kvifor den er relevant for mitt studie. Eg gjorde det då klart at mi problemstilling ville vere «Kan ein sjå forskjell på to aviser si dekning av same barnevernsak?». Som ei underproblemstilling har eg valt å ha «Kan media sin måte å framstille barnevernet på svekke legitimiteten som barnevernet treng i samfunnet?». Vidare gjekk eg over til å gå nærare inn på metoden som eg nytta i denne oppgåva. Her har eg som sagt valt ein kvalitativ metode ved å nytte ein fenomenologisk analyse. I metoddelen gjekk eg litt nærare inn på kva denne typen analyse går ut på, og tek dette enda nærare for meg i sjølve analysa.

I den neste delen av oppgåva ville eg danne ei teoretisk ramme for å kunne belyse problemstillinga mi i drøftingsdelen. Her tok eg for meg kvifor legitimitet er viktig for barnevernet, korleis barnevernet blir framstilla i media, og kva påverknadskraft media har i samfunnet. I denne delen nytta eg fagstoff og teoriar både frå barnevernsfagleg pensum og

fagstoff innan mediekunnskap for å kunne få ei betre forståing av alle delane av problemstillinga.

Vidare i oppgåva byrja eg på den delen der eg tok for meg empirien min. Der nytta eg fenomenologisk analyse for å analysere to avisartiklar. Eg valte ein avisartikkel frå to forskjellige aviser, skriven om same sak. Eg nytta ein artikkel frå Bergensavisen, og ein artikkel frå VG. Artiklane var den første som var skriven i kvar av avisene. Begge sakene omhandla saken der Ragnhind Embla Helsengreen døde av overdose etter å ha rømt frå ein barnevernsinstitusjon. Her gjekk eg fram ved å forklare kvart av stega i analysen etter tur, og forklare korleis eg utførte analysen i kvart av stega.

I den siste delen av oppgåva tok eg for meg ein drøftingsdel. Her kopla eg teorien eg har teke for meg, og resultatata av analysen. Eg byrjar med å skrive meir utfylljande om resultatata av analysen min, og koplar det opp mot teori om korleis barnevernet blir framstilla, og kommunikasjon og openheit rundt barnevernet. I andre delen av drøftinga går eg nærare inn på om media sin måte å framstille barnevernet på kan svekke legitimiteten. Eg skriv også, i siste delen av drøftinga, om korleis eg kunne ha snudd problemstillinga mi, og eg har til slutt kopla alle delane som eg har teke med i drøftinga.

Litteraturliste

Bufetat. (2008). *Et åpent barnevern - Kommunikasjonsstrategi for barnevernet 2008–2011*.

Henta 16.04.2013 frå

<http://www.bufetat.no/Documents/Bufetat.no/Barnevern/Et%20%C3%A5pent%20barnevern.pdf>

Figenschow, W., Ringberg, E., og Ekanger, M. (2006). *Barnevern – medier og juss*. Oslo. Gyldendal Akademisk.

Fisher, A. C. (13.02.2011). *Kunnskap gir tillit*. Barne- Ungdoms- og Familiedirektoratet.

Hentet fra

<http://www.barnevernet.no/Nytt-om-barnevernet/Kunnskap-gir-tillit/>

Føleide, S. (2011). *Mot ein meir reflektert barnevernsdebatt? Ei innhaldsanalyse av barnevernsframstillingar i VG og Dagbladet*. (Mastergradsoppgåve i Sosiologi, Universitetet i Oslo.) Henta frå

<https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/15376/Foleide.pdf?sequence=1>

Haugsbø, F. & Haukeland, E. (2010, 4. august). Alt hun ønsket var et vanlig liv. VG, s. 8

Henta den 02.04.2013 frå

<https://web.retriever-info.com/services/archive.html?method=displayDocument&documentId=0550162010080439344786&serviceId=2>

Helland, H. & Øia, T. (2000). *Forebyggende ungdomsarbeid*. Bergen: Fagokforlaget.

Henschien, S. (2012). *"Hun ville jo ikke dø" Historien om Ragnhild*.

Sverige: Cappelen Damm.

Høgskolen Stord/Haugesund. (18.04.2013). *Oppgi kilder, skriv sitater, lage referanseliste*.

Henta 19.04.13 frå

http://www.hsh.no/biblioteket/studiestotte/kildebruk_og_referanselister.htm#webseite2

Johannessen, A., Tufte, P. A. & Christoffersen, L. (2010). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Abstrakt forlag AS.

- Kvile, G., Nilsen, L. & Olsvoll, I. L. (2010, 3. august). Hovedsak Ragnhild. Bergensavisen.
Henta den 02.04.2013 frå
[https://web.retriever-
info.com/services/archive.html?method=displayDocument&documentId=0551242010
0803E57E7547428625347556777366E98C34&serviceId=2](https://web.retriever-info.com/services/archive.html?method=displayDocument&documentId=05512420100803E57E7547428625347556777366E98C34&serviceId=2)
- Lindboe, K. (2008). *Barnevernrett*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Regjeringen. (2010). *Justis- og Beredskapsdepartementet. 4.4 Legitimitet*. Henta 19.04.13 frå
[http://www.regjeringen.no/nb/dep/jd/dok/nouer/2010/nou-2010-
12/5/4.html?id=626176](http://www.regjeringen.no/nb/dep/jd/dok/nouer/2010/nou-2010-12/5/4.html?id=626176)
- Repstad, P. & Ryen, A. (red.). (2001). *Verneverdig. Barnevern, forskning og etikk*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Stang, E. (2007). *Fremstillinger av barnevernet i løssalgpressen*. NOVA rapport 7/07. Oslo.
Henta 01.05.13 frå
<http://www.nova.no/index.gan?objid=13540&subid=0>
- Tjora, A. (2011). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Waldahl, R. (1999). *Mediepåvirkning*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Vedlegg 1

Søkelogg for avisartiklar, søking utført 02.04.2013

Navn på artikkel	Søkeord	Database	Treff	Merknad
Bergensavisen: Hovedsak Ragnhild	Ragnhild Embla Helsengreen	www.atekst.no	53 treff	Avgrensingar: valt tidsrom: «etter» 31.07.2010, eldste saker først, og bergensavisen.
VG: Alt hun ønsket var et vanlig liv	Ragnhild Embla Helsengreen	www.atekst.no	4 treff	Avgrensingar: valt tidsrom: «etter» 31.07.2010, eldste saker først, og VG.